

Saknummer: 05/00665
Løpenummer: 002951/05
Arkivkode: 601 &13
Saksbehandlar: Trude Brosvik

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0036/05	Formannskapet	02.06.2005

ENDRING I REGELVERKET FOR OFFENTLEGE INNKJØP - HØYRING

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- postmottak@mod.dep.no

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Høyringsbrev, dat. 6.04.05

Saksutgreiing:

Sjå Høyringsbrev.

Det er særleg to punkt som gjer at vi meiner kommunen bør gje høyringsuttale.

1. **Heving av den nasjonale terskelverdien til 500 000,- kr.**
2. **Protokollplikt for alle anskaffelser over kr. 50 000,-.**

Når det gjeld pkt. 1 så er det hevda at norske innkjøp må ut på anbod når dei er over ein viss storleik pga. EØS. Tidlegare var norsk grense kr. 200 000,- og framlegget er no å heve ho til kr. 500 000,-. I EØS-området er grensa på 1 500 000,- kr. Det gjev lokaldemokratiet friare spelerom til td. å velje lokale leverandørar. Dette bør også vere viktig for norske kommunar å kunne vektlegge.

For å sikre seg at offentlege innkjøp ikkje blir gjort direkte og utan anbud, ønskjer ein å innføre protokollplikt på alle innkjøp over kr. 50 000,-. Tidlegare har grensa for protokollplikt vore lik med nasjonal terskelverdi. Foreslått senking av protokollplikt vil føre med seg meir byråkrati og skjemavelde, utan at det nødvendigvis vil føre til meir konkurranse. Ein gjer det kun for å skape haldningar og skape eit system som kan etterprøvast.

Framlegg til vedtak:

Gulen kommune vil gje to innspel til høyringa om endring i regelverket for offentlege anskaffelser.

1. Det er positivt at den nasjonale terskelverdien vert auka til kr. 500 000,-. Vi vil likevel meine, tilliks med Lokaldemokratikommisjonen si innstilling, at lokaldemokratiske omsyn

tilseier at Norge ikkje bør legge seg på ein strengare konkurransepolitikk enn det EU-landa sjølve gjer. Dagens norske regelverk påfører kommunane unødvendig høge administrasjonskostnader, samstundes som det kan vere til hinder for hensiktsmessige og fleksible løysingar for offentlege innkjøp med utgangspunkt i lokale tilhøve. Grensa bør difor aukast slik at ho vert den same som grensa innanfor EU.

2. Vi ønskjer ikkje ei protokollplikt på alle innkjøp over kr. 50 000,-. Det vil medføre auka byråkrati og skjemavelde, sjølv om det i høyringsutkastet vert framstilt som om dette skal bli svært enkelt og brukarvenleg. I ei tid med dårleg kommuneøkonomi, og der dei fleste prøver å redusere administrative kostnader til fordel for dei tenestene kommunen skal levere, så blir dette heilt feil. For det første vil det gje meir byråkrati i kommunane, og deretter skal det vel sitte nokon statlege å gå igjennom desse rapportane. Det synest unødvendig og lite effektivt. Dei fleste kommunar har så knapp økonomi, at dei vil nok uavhengig av protokollplikt innhente tilbod for å gjere gunstige innkjøp.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 02.06.2005:

Nye framlegg:

Høgre kom med slikt framlegg: Pkt. 2 av framlegget går ut.

Røysting:

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (H).

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.